

Deres ref.:

Vår ref.: Ard18030

Bergen: 05.08.19

**VARSEL OM MINDRE ENDRING AV PLAN-ID 20060028 KLEIVANE GNR. 57 BNR. 2, FJELL KOMMUNE**

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-14, varslar vi om at vi vil sende inn søknad om mindre endring for plan-ID 20060028, Kleivane gnr. 57 bnr. 2 i Fjell kommune.

Formålet med endringa er å ordne opp i eigedomsgrenser, fortau og tomtegrenser, slik at plankart og opparbeidd situasjon stemmer overeins. Dette er gjort i samråde og i semje med grunneigarar for gnr. 57 bnr. 107, 126, 127, 132, 134, 136 og 137. Det vert soleis ingen endringa i planføresegner, berre i plankartet. Plangrense mot andre eigedomar endrast ikkje.

Reguleringsplan og mindre endring av reguleringsplan

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak. Mindre endring av reguleringsplan fylgjer i utgangspunktet dei same reglane som ved utarbeiding av detaljregulering, men det er opna for ein enklare prosess. Mindre endringar er endringar som i liten grad vil påverke gjennomføring av planen for øvrig, ikkje gå utover hovudrammene i planen, og heller ikkje råkar omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Ved mindre endringar skal saka leggjast fram for aktuelle myndigheiter. Vidare skal eigar/festar av direkte råka eigedomar gjevast høve til å uttale seg.


Søknad om mindre reguleringsendring ligg ved som eige skriv.

Tiltakshavar og konsulent

På vegne av tiltakshavar, Husbyggerens innkjøpskontor AS, vil Ard arealplan as med dette varsle om mindre endring for planID 20060028, Kleivane gnr. 57 bnr. 2.

Plankartet

Plankartet er endra med nye eigedomsgrenser og tomtegrenser internt innanfor plangrensa.



Figur 1 - utsnitt av gjeldende plan



Figur 2 - Endringer i plankartet

Merknader til oppstartsmeldinga:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Meir informasjon kan sjåast på nettsida til [www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no). Innspel eller merknader kan sendast skriftleg til:

Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114  
5008 Bergen  
e-post: [post@ardarealplan.no](mailto:post@ardarealplan.no)

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknadar til Fjell kommune. Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vert sendt kommunen saman med planframlegget.

Merknadsfrist:

Frist for merknader er sett til 24.september 2019.

Vidare saksgong:

Dersom planen kan gjennomførast som ei mindre endring vert forslaget til mindre endring sendt til Fjell kommune for sakshandsaming etter at merknadsfristen er gått ut. Det er ikkje krav til utlegging av forslag til offentleg ettersyn, eller kunngjering av endeleg vedtak. Underretning om vedtak vert sendt til råka myndigheiter som har hatt merknader, og eigarane og festarane av eigedomar som direkte råkast av vedtaket.

Dersom planen må takast som ein reguleringsendring vil forslag til reguleringsplan verte sendt Fjell kommune for sakshandsaming etter at merknadsfristen er gått ut. Etter fyrste gongs handsaming vert planen lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Det vil då verte mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.

Med beste helsing



Kari Johannesen  
Daglig leder - Planlegger  
Ard arealplan as

tlf: 55 31 95 00/958 32 614

Vedlegg:

- Varslingsliste
- Søknad om mindre reguleringsendring
- Gjeldande plankart
- Plankart for den mindre endringa

**Varslingsliste:**

**Naboar:**

Gnr	Bnr	Adresse	Postnr	Stad
57	126	Litlakvilet 46	5357	FJELL
57	2	Skjendalen 1	5357	FJELL
57	66	Litlakvilet 15	5357	FJELL
57	8	Kleivanevegen 76	5357	FJELL
57	122	Litlakvilet 32	5357	FJELL
57	123	Litlakvilet 34	5357	FJELL
57	58	Litlakvilet 18A	5357	FJELL
57	76	Litlakvilet 20	5357	FJELL
57	120	Litlakvilet 18B	5357	FJELL
57	120	Litlakvilet 18B	5357	FJELL
57	135	Litlakvilet 22A	5357	FJELL
57	135	Litlakvilet 22B	5357	FJELL
57	135	Litlakvilet 22C	5357	FJELL
57	135	Litlakvilet 22D	5357	FJELL
57	53	Litlakvilet 10	5357	FJELL
57	140	Litlakvilet 24A	5357	FJELL
57	140	Litlakvilet 24B	5357	FJELL
57	140	Litlakvilet 24C	5357	FJELL
57	129	Litlakvilet 26	5357	FJELL
57	128	Litlakvilet 24D	5357	FJELL
57	130	Litlakvilet 28	5357	FJELL
57	131	Litlakvilet 30	5357	FJELL
57	131	Litlakvilet 30	5357	FJELL
57	124	Litlakvilet 36	5357	FJELL
57	137	Litlakvilet 40	5357	FJELL
57	136	Litlakvilet 38	5357	FJELL
57	134	Litlakvilet 42	5357	FJELL
57	127	Litlakvilet 44	5357	FJELL
57	138	Litlakvilet 48	5357	FJELL
57	125	Litlakvilet 50	5357	FJELL

Nye Litlakvilet velforening [geir.nesse@gmail.com](mailto:geir.nesse@gmail.com) / [nye.litlakvilet.vel@gmail.com](mailto:nye.litlakvilet.vel@gmail.com)